



Alversund Maskinstasjon  
Buhaugen 6  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/259 - 16/2520

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
10.02.2016

## Ber om uttale ift. privatrettslig avtale - gbnr 137/150 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til tiltak 21.01.2016.

Søknaden gjeld opparbeiding av ny tilkomstveg.

### Mottakskontroll

Kommunen har hatt ein førebels gjennomgang av søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Her nemnast:

1. Når det gjeld nabomerknad, så må Stian Henanger dokumentere fullmakt frå grunneigar Liv Unneland om at han kan representere henne.
2. Viser til nabomerknad og plassering av veg. Det er uklart om kartet og det som er omsøkt er i samsvar med avtale av 25.09.2014. Vi forstår ikkje kva som er omsøkt og kva som er avtalt. Det er partane som skal synleggjøre for oss kva som er den felles forståinga. Lindås kommune kan ikkje avgjere den privatrettslige ueinigheita. Lindås kommune oppfordrar partane til å gå i dialog.

Det vert vist til plan- og bygningslova § 21-6 (pbl.) om privatrettslege forhold. «Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader».

Lindås kommune kan såleis vanskeleg godkjenne tiltaket utan ein felles forståing frå partane.

Vi må ha eit kart som samsvarar med avtalen eller den einigheit som er oppnådd av partane i fellesskap. Kartet må ha fargekodar, der fargekodane blir forklart, slik at det er klart kva partane er einige om. Kartet må vere egna til å danne grunnlag for vurdering av tiltaket.



Lindås kommune ber om at partane gjev skriftleg tilbakemelding **innan 04.03.2016**. Fristen er satt med tre veker slik at partane kan supplere søknaden med nødvendig dokumentasjon som kan klargjere dei privatrettslige forholda. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vert arkivert utan vidare handsaming.

Kommunen gjer merksam på at lista over manglar ikkje er uttømmende. Søknaden bør gjennomgåast på nytt før innsending av den etterspurte dokumentasjonen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1). Søknaden er ikkje komplett, og har soleis ingen tidsfrist.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Arne J. Alvær  
Stian Henanger

Vennavegen 50 7670

INDERØY

#### **Mottakarar:**

Alversund Maskinstasjon

Buhaugen 6 5911

ALVERSUND